

# Budsjett 2018



# Dei fire hovudoppgåvene

Budsjettet legg opp til at Helse Førde kan ivareta hovudoppgåvene sine:

- Behandling av pasientar
- Utdanning av helsepersonell
- Forsking
- Opplæring av pasientar og pårørande

Både på kort og lang sikt.

# Budsjettføresetnader

*Helse Førde har rammebudsjettering, og klinikkane må innrette drifta innanfor dei tildelte økonomiske rammene.*

*Ramma er basert på budsjettet for inneverande år, justert for realendringar.*

Tillitsvalde og vernetenesta har fått meir informasjon undervegs enn før. Drøfting har vore gjort i tråd med tidlegare praksis.


# Ramme frå Helse Vest

INNETKTSFORDELING 2018	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 944 312	925 280	3 054 922	625 558	-	6 550 072
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 858 194	2 038 845	5 675 613	1 712 607	0	13 285 259
Kvalitetsbasert finansiering	24 846	14 700	51 108	11 346		102 000
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	339 673	224 450	889 826	194 371	4 063 990	5 712 310
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	9 598	7 366	30 848	19 849		67 661
SUM, inntekt 2018 fordelt frå RHF	6 176 622	3 210 641	9 702 316	2 563 732	4 063 990	25 717 302

# Innsparingskrav i budsjettet

Stab og støtte	9 347
Kirurgisk klinikk	17 000
Medisinsk klinikk	15 675
Psykisk helsevern	8 400
<b>Sum</b>	<b>50 422</b>

# Bemanning



- Det er lagt opp til reduksjon i personalkostnader.
- Samla er det lagt opp til ein reduksjon på 30-40 årsverk.
- Aktivitetsstyrt bemanning

# Aktivitet 2018

Aktivitet	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Oppnådd 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18 - B17
Tal dagbehandling	11 670	12 147	11 704	11 774	11 831	12 000	226
Tal sjukehusopphald / heildøgnsopphald	18 839	19 302	18 015	18 754	18 631	18 590	-164
Tal polikliniske konsultasjonar	116 951	123 228	126 592	124 820	124 194	126 365	1 545

# Aktivitet psykisk helsevern 2018

Aktivitet	Oppnådd 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18 - B17
<b>Psykisk helsevern voksne</b>					
Tal heildøgnsopphald	18 934	18 250	18 650	18 200	-50
Tal utskrivne pasientar	1 181	1 090	1 080	1 105	15
Poliklinisk dagbehandling	410	300	460	410	110
Poliklinisk konsultasjon	24 623	23 500	25 200	26 200	2 700
<b>Rus</b>					
Tal heildøgnsopphald	7 726	7 890	6 920	7 450	-440
Tal utskrivne pasientar	188	181	220	203	22
Polikliniske konsultasjon	3 154	3 400	3 200	3 300	-100
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>					
Tal heildøgnsopphald UPH	1 085	1 200	1 250	1 100	-100
Tal utskrivne pasientar UPH	91	100	100	90	-10
BUP poliklinisk konsultasjon	17 713	19 100	17 500	17 700	-1 400



# Kirurgisk klinikk:

Målsettinga har vore å skjerme pasientane for konsekvensar av innsparingstiltak i budsjett 2018. To tiltak som reduserer «servicenivået» noko for pasienter dette året:

- Midlertidig stopp i ambulerande gynekologisk poliklinikk ved Lærdal og Eid. I 2017 hadde Nordfjord 14 dagar ambulerande poliklinikk ved gynekolog, Lærdal hadde 4 dagar. Kvinner i Indre Sogn og Nordfjord må i 2018 ( vi veit ikkje sikkert kor lenge), reise til Førde for å få dette tilbodet. Det blir altså lenger reiseveg for nokon pasientar i år.

# Kirurgisk klinikk:

- Vi parkerer nokon dagbiler ulike dagar/veker på ulike stasjonar i fylket gjennom 2018. Det har også vore gjort tidlegare år ved nokon stasjonar, men i litt større grad no. Det får ikkje konsekvens for beredskapen for akutte ambulanseoppdrag. Her er, som før, døgnbilar på vakt ved dei stasjonane der dagbilen eventuelt er parkert.
- Men ventetiden på ambulanse for vanlige ambulansetransportar kan bli lenger, fordi ein slik bil dei dagane det gjeld for eksempel kan måtte komme frå nabostasjonen. Det same er tilfelle kvar gong ein dagbil for eksempel er reist til Haukeland for å hente ein pasient der – då er også bilen vekke heile dagen.
- Vi trur ikkje at tiltaket skal merkast for pasientar i løpet av året, og det er absolutt forsvarleg beredskap i ambulansetenesta også dei dagane ein dagbil er parkert. I AMK krev det ein del planlegging og styring av ambulanseflåten, men det kan operatørane der frå før.

# Medisinsk klinikk

Inneliggande pasientar på dei medisinske sengepostane på alle tre sjukehusa får det same tilbodet som før. Litt færre senger på medisinsk sengepost i Lærdal, men det har ikkje betydning for plass til pasientar. Det er meir i samsvar med tal brukte senger dei siste åra.

Nevrologi, slageining, rehabilitering, revmatologi, kreft og Barneavdelinga har det same tilbodet som før.

Kanskje litt lengre ventetid på nokre av poliklinikkane, spesielt på HUD, men det er ikkje pga budsjettet, men pga legemangel.

Treningsopphald for pasientar med inflamatorisk revmatisk sjukdom er lagt ned, men vert erstatta med vurdering/informasjon hos fysioterapeut og ergoterapeut i samband med fyrste kontrolltime etter pasienten har fått diagnose.

# Psykisk helsevern

PHV har gjennom fleire år vore nøydd til å finne rimelegare måtar å tilby våre pasientar eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2018 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2018 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart DPS. Dette arbeidet vil halde fram i 2018. Ein verknad av dette er mindre bruk av og behov for døgnplassar.

Døgntilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt på same nivå som i 2017, og vi ventar at tal polikliniske konsultasjonar vert noko høgare enn siste år.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan vere det nivået som følgjer av fritt sjukehusval, og vi ventar at aktiviteten vert om lag som siste år. Det er lagt opp til lågare aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2018, og ein auke i poliklinisk aktivitet. Vi vil arbeide for å auke aktiviteten innanfor TSB i høve førre år. Aktiviteten i PBU er venta å verte på nivå med 2017.

# Den gyldne regel

- Innsparingskravet til psykisk helsevern er marginalt lågare enn i somatikken.
- Veksten i budsjettet er på medikament, prehospitale tenester samt IKT.
- Vekst i poliklinisk aktivitet i psykisk helsevern er på 2,6 prosent mot 1,2 prosent i somatikken.
- Nedtak av bemanning er lågare i psykisk helsevern enn i somatikken.

# Risiko i budsjettet

- Det er særlege utfordringar i dei somatiske klinikkane.
- Det vert lagt opp til aktivitetsvekst, sjølv om vi har hatt problem med å auke aktiviteten i inneverande år.
- Tiltaka kan påverke drifta vi har i dag, sjølv om vi ikkje legg opp til det.

# Risikoreduserande tiltak

## Administrerende direktør meiner:

- Det er nødvendig å arbeide vidare med tenesteutvikling der gevinstrealisering for økonomi og kvalitet er det mest sentrale.
- Områda som ikkje er ferdig utgreidde, skal handtere risiko undervegs i prosessane.
- Dette skal gjerast så lågt i organisasjonen som råd.

# Utvikling resultat og investeringsevne

Resultatutvikling	2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18 - B17
Årsresultat	4 649	15 000	-12 500	28 000	13 000
Avskrivninger	97 022	76 000	75 000	76 000	0
Sum	101 671	91 000	62 500	104 000	13 000
<b>Endring i bereevne for investeringer</b>		<b>-10 671</b>	<b>-28 500</b>	<b>41 500</b>	



# Investeringsbudsjett 2018

---

# Investeringsbudsjett Helse Førde, 2018

Område	Investeringsområder							Sum 5 år
		2017	2018	2019	2020	2021	2022	2018-22
Nybygg/ ombygging	Brannsikring HF	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0
	Bygg infrastruktur og funksjonsendring	7,7	6,7	7,1	7,1	14,6	14,6	50,1
	Ombyggingar pasientens helseteneste		2,9					2,9
	Arealplan LSH			11,7	11,7			23,4
	MR Lærdal		8,9					8,9
	Bygg aust	58,0	14,0					14,0
	Nye Førde sjukehus	13,7	64,3	344,2	326,0	110,7	90,6	935,8
	Nye Førde sjukehus - MTU			15,0	15,0	6,0	15,0	51,0
	Sum nybygg/ombyggingar	80,4	97,8	379,0	360,8	132,3	121,2	1 091,1
Medisinsk tekn. utstyr	MTU	23,0	21,2	9,0	9,0	17,0	9,0	65,2
	Sum medisinsk teknisk utstyr	23,0	21,2	9,0	9,0	17,0	9,0	65,2
IKT- investeringar	IKT infrastruktur	1,7	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	6,0
	IKT utstyr		0,5	0,5	0,5	0,5	0,5	2,5
	Sum IKT-investeringar	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	8,5
Andre investeringar	Ambulansar	8,6	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	46,7
	Sum andre investeringar	8,6	6,7	10,0	10,0	10,0	10,0	46,7
Sum investeringar		113,7	127,4	399,7	381,5	161,0	141,9	1 211,5
<b>Finansiering</b>								
Finansiering frå drift		95,7	47,4	94,4	99,7	105,5	111,7	458,7
Lån Arealplan FSS 70%		18,0	45,0	251,4	238,7	81,7	73,9	690,8
Investeringslån Helse Vest			35,0	53,9	43,1	-26,2	-43,7	62,1
Sum finansieringsevne		113,7	127,4	399,7	381,5	161,0	141,9	1 211,5

<b>Investeringsbudsjett 2018 (tal i tusen kroner)</b>	
Ny MR Lærdal	8 900
Byggteknisk infrastruktur	6 700
Pasientens helseteneste, ombyggingar FSS	2 900
Brannsikring HF	1 000
Bygg aust	14 000
Nye Førde sjukehus	64 300
<b>Sum</b>	<b>97 800</b>
Medisinteknisk utstyr (MTU)	21 200
IKT	1 700
Ambulansar	6 700
<b>Sum MTU og andre investeringar</b>	<b>29 600</b>
<b>Sum investeringar</b>	<b>127 400</b>